DEN NORSKE KYRKJA
Fitjar sokn

Referat

Utval:	Fitjar sokneråd
Møtestad:	Bakken Kystbarnehage
Dato:	Torsdag 15.10.2026
Tid:	Kl. 18.30 - 21.00
Ord for dagen:	Eli-Johanne Rønnekleiv

Desse møtte:

Mette Elisabeth Lambach	Leiar
Svein Lunde	Nestleiar
Tom Rydland	Medlem
Anne Kristin Skår	Medlem
Håkon Rydland Sæbø	Medlem
Anne Marie Røed	Medlem
Lillianne Jæger Vestbøstad	Medlem
Kari Raunholm	Medlem
Eli-Johanne Rønnekleiv	Soknеprest
Gisle Levåg	Kommunal representant

Sakliste:

SAK	TITTEL	KOMMUNAL REPR.
2026/64	Godkjenning av innkalling og sakliste	X
2026/65	Godkjenning av referat frå møte den 17. september 2026	X
2026/66	Soknepresten orienterer om arbeidet i kyrkjelyden	X
2026/67	Budsjett for Fitjar sokn 2027	X
2026/68	Kyrkjevalet 2027- oppnemning av nominasjonskomite	

2026/69	Årsmøte i Sunnhordland Prostiråd	
2026/70	Tilskot til Sunnhordland Prostiråd for 2026	
2026/71	Meldingar	X
2026/72	Open post	X

Vedlegg

1. Framlegg til driftsbudsjett for 2027
2. Budsjettbrev og investeringsbudsjett for 2027
3. Innkalling til årsmøte i Sunnhordland Prostiråd
4. Årsmelding for Sunnhordland Prostiråd 2025
5. Rekneskap for Sunnhordland Prostiråd 2025

Sak 2026/64 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:
Innkalling og sakliste er godkjent
Merknad: Saker som vedkjem kommunal representant bør som regel koma først på sakslista då dei som oftast blir handsama tidleg i møtet. Det var ein samstemt einig i.

Sak 2026/65 Referat frå møte den 17. september 2026
Evt. merknader til referatet kan fremjast i møtet.

Vedtak:
Soknerådet stadfester referat frå møte den 17. september 2026.
Merknad: Det bør og stå kort i referatet kva meldingane inneheld

Sak 2026/66 Soknepresten orienterer om arbeidet i kyrkjelyden
På møtet vil soknepresten orientera om gudstenester og andre aktivitetar i kyrkelyden sidan sist møte, samt aktivitetar som skal gjennomførast i kyrkjelyden i tida som kjem.

Vedtak:
Soknerådet tek orienteringa til vitande.

Sak 2026/67 Budsjett for Fitjar sokn 2027
Framlegget til budsjett, som soknerådet no skal ta stilling til, er utarbeida av kyrkjeverja på grunnlag av driftsnivået som soknet har i dag. Budsjettet for 2026 er auka med forventa løns- og prisauke og er elles justert med nokre endringar som alt no er kjende.

Etter at soknerådet har gjort vedtak vert budsjettbrevet og taldelen sendt vidare til kommunedirektøren i Fitjar. Han orienterer kommunestyret om sitt framlegg til budsjett den 27. oktober. I dette framlegget skal det liggja inne tilskot til kyrkja. Kommunen sitt budsjettarbeid held fram med at ulike utval drøftar budsjettet fram til formannskapet legg det ut til offentleg ettersyn etter møte den 25. november. Kommunestyret skal gjera endeleg vedtak om budsjettet i møte den 10. desember.

Soknerådet står fritt til å leggja inn endringar i kyrkjeverja sitt framlegg til budsjett. Endringar må vedtakast i soknerådsmøte, slik at kyrkjeverja kan leggja det inn før budsjettet vert sendt vidare til kommunen.

Dersom kommunedirektøren sitt framlegg ikkje tek med soknerådet sine ynskje, bør rådet leggja saka fram for politikarane. Dei siste åra har det vore vanleg at leiarskapet i soknerådet har bede om møte med formannskapet i god tid før formannskapet skal legga budsjettet ut til offentleg ettersyn. Det er ein god måte å arbeida med budsjettet på. Gjennom eit slikt møte kan lokalpolitikarane få betre kjennskap til det omfattande arbeidet som kyrkja driv i kommunen.

Fleire detaljar om budsjettet er å finna i vedlegga til innkallinga.

Vedtak:

Fitjar sokneråd vedtek å senda budsjettet for 2027 vidare til kommunen med desse endringane i forhold til kyrkjeverja sitt framlegg:

1. Budjsettert meirforbruk på dei ulike avdelingane kan dekkast inn med bruk ubunde disposisjonsfond

2. Soknet må søkja kommunen om kr. 95.000 i tilskot til diakoniarbeid

3. Det må leggjast inn tilskot på kr. 25.000 frå anna kyrkjeleg verksemd til eksterne aktørar

4. Det må leggast inn ein sum i budsjettet som kan brukast til liturgisk utstyr til kyrkjelydspedagogen og til nokre nye konfirmantkapper.

Sak 2026/68 Kyrkjevalet 2027 – oppnemning av nominasjonskomite`
På sist møte ba soknerådet arbeidsutvalet om å finna kandidatar til å vera med i nominasjonskomiteen for kyrkjevalet hausten 2027, slik at komiteen kan oppnemnast på dette møtet.

Medlemane i arbeidsutvalet har vore i kontakt med fleire aktuelle kandidatar, men har ikkje ei komplett liste å leggja fram enno. Så snart denne er klar vert den ettersendt før soknerådsmøtet.

Informasjon om kyrkjevalet er å finna på denne nettsida: Kirkevalget2027

Framlegg til vedtak:
Soknerådet oppnemner desse som medlemer i nominasjonskomiteen for kyrkjevalet 2027:

1. _____
2. _____
3. _____
4. _____
5. _____

Komiteen konstituerer seg sjølv.

Vedtak:
Det har ikkje lukkast å få tak i medlemmer enno, saka blir utsett til neste møte

Sak 2026/69 Årsmøte i Sunnhordland Prostiråd

Den 23. november skal det vera årsmøte i Sunnhordland Prostiråd. Møtet skal haldast i samband med ei kyrkjeverjesamling på Stord.

Styret i prostirådet vert vald for fire år, etter kvart soknerådsval. Årsmøte i prostirådet skal likevel haldast kvart år, der godkjenning av årsmelding og rekneskap vert dei viktigaste postane. Det er sokneråda i Sunnhordland som har medlemskap i prostirådet. Me kan ikkje rekna med særleg frammøte på eit fysisk årsmøte, der einaste saka er å godkjenna årsmelding og rekneskap.

Styret i prostirådet rår difor til at soknerådet gjev fullmakt til kyrkjeverja å representera soknerådet på årsmøtet. Då kan årsmøte haldast i samband med ei samling for kyrkjeverjene i Sunnhordland. Soknerådet kan senda annan representant til årsmøte dersom dei måtte ynskja det.

Årsmelding og rekneskap for 2025 er vedlagt. Dersom soknerådet ynskjer å kommentera noko av det som kjem fram i desse dokumenta, kan det vera greitt å få dette med i eit evt. fullmaktsvedtak. Rådet kan og melda inn eigne saker til årsmøte.

Vedtak:

1. Fitjar sokneråd gjev kyrkjeverje Harald Rydland fullmakt til å representera rådet sitt medlemskap i Sunnhordland Prostiråd på årsmøte den 23. november 2026

Sak 2026/70 Tilskot til Sunnhordland Prostiråd for 2026

Prostirådet sender årleg ut førespurnad til sokneråda i prostiet om tilskot eller kollekt. Midlane vert bruket på tiltak som skal fremja samarbeid og fellesskap mellom kyrkjelydane i Sunnhordland. Dette kan vera arrangement som prostidagar, nyårssamling og anna arbeid.

Frå Fitjar sokneråd vart det løyvd kr. 5000,- i tilskot for 2025. Ein slik sum er på nivå med ein vanleg kollekt i Fitjar kyrkje.

Vedtak:

Fitjar sokneråd gjev kr. 5.000 i støtte til Sunnhordland Prostiråd for 2026.

Sak 2026/71 Meldingar

På møtet vil det bli korte orienteringar om desse sakene:

a) Mette orienterte om at no ligg alle referat frå soknerådsmøta på heimesida i tillegg til innkallinga
b) Det har vore eit samordningsmøte mellom kyrkja og bedehuset på Fitjar Bedehus
c) Felles gravferdsordning for prestane i Fitjar/Stord; Arbeidsutvalet hatt eit møte med prosten der dei la fram Fitjar sokneråd si meining om ordninga. Ønske frå Fitjar er at soknepresten skal ha onsdagen "freda" til å vera i Fitjar med dei arbeidsoppgåvene ho har her den dagen
d) Teljeveker i kyrkja ; Eli-Johanne informerte om at all aktivitet i kyrkja skal bli telt i veke 42 og 43, slik at ein får eit tal på all kvardagsaktivitet som finn stad i kyrkja vår
e) Samling for gudstenestemedarbeidere blir den 21. oktober i kyrkja.
f) Ei inkluderande kyrkje : Eli-Johanne informerte om at ein bør ha ein diskusjon på korleis ein i Fitjar kan synleggjera at kyrkja skal vera inkluderande.
g) Julekrybbe utanfor kyrkja. Eli-Johanne informerte om at ein vil prøva å få på plass krybba denne jula

h) Dropinn-bryllup i samband med valentinsdagen 2027 ; Soknerådet er positiv til å legge til rette for det dersom det er kapasitet til det
i) Prostidag på Tysnes 22. oktober. Påmelding for dei som kan reisa der
j) Nye vedtekter for gravplassen skal fornyast, det kjem kanskje opp i neste møte.
k) Anne Marie Røed orienterte om Bjørgvinsamtalen i Bergen. Temaet der var det digitale verktøyet "Kyrkja vår" - og kva ein bør leggja inn der av planer og strategiar.

Framlegg til vedtak:

Soknerådet tek meldingane til vitande

Skrivar
Kari Raunholm